

Dato: 18.11.2016

Arkiv: 217

## Kontrollutvalet

### SAK 31/16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – BARNEVERN

#### Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. (09.11.2016). *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Barnevern – Vanylven kommune.*

## Saksopplysningar

### Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i forbindelse med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 29/15, vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektplan vert lagt fram i sak 27/16. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013 – 2015.

Formålet med prosjektet er å sette søkelys på situasjonen og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

#### • MÅLSETTING

I høve rapporten er formålet med prosjektet å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer.

Revisjonen viser til at det etter innspel frå ein rådmann, vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS- sine satsar m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert følgd for den enkelte fosterheim.

Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

#### • PROBLEMSTILLINGAR

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande i verksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking.
2. Fylgjer kommunen regelverket med omsyn til tilsynsførarrolla.

3. Fylgjer kommunen regelverket med omsyn til arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning.
4. Bemanning og andre samanlikningar mellom kommunane.

Etter at revisjonen kom i gang med arbeidet, vart det fort klart at det i kontrollperioden kun har vore gjennomført ei omsorgsovertaking i kontrollperioden og av hensyn til at forholda vert for gjennomiktig har ikkje revisjonen gått vidare med problemstilling 1. Det er derfor utledda ny problemstilling.

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS kjem med følgjande vurderingar og konklusjonar:

### **Problemstilling 1:**

#### **Fylgjer kommunen regelverket med omsyn til vedkomande tiltak**

I del 3 av rapporten kjem det fram følgjande (for meir detaljert informasjon sjå side 11-14):

Barnevernstenesta i Vanylven hadde utarbeida tiltaksplanar for 19 av dei 22 klientane i kontrollperioden 2013-2015. 12 av planane var signert av ungdom/føresette.

Det er eiga forskrift om politiattest for dei som arbeider på tiltakssida i barnevernet. Det er ikkje dokumentert at det er innhenta politiattest for dei 17 tiltaka som er omfatta av forskrifta.

For 16 av klientane som har tiltak, har det skjedd evaluering iht. planen. For 3 av klientane har det ikkje vore evaluering, og 3 av klientane hadde ikkje tiltaksplan.

Konklusjon (side 14):

Det kjem fram at det er betringspotensiale i forhold til å utarbeide tiltaksplan for alle klientar med tiltak.

Det manglar signering av foreldre/ungdom for nær halvparten av planane.

Kontrollen viste at 3 av omsorgsbarna i kontrollperioden vart plassert i fosterheim innan familie/nær relasjon.

### **Problemstilling 2:**

#### **Fylgjer kommunen regelverket med omsyn til oppfølging omsorgsbarn og tilsynsførarrolla**

I del 4 av rapporten kjem det fram følgjande (for meir detaljert informasjon sjå side 15-20):

Fosterheimskommunen si oppfølging når det gjeld tilsyn i dei saker der Vanylven kommune er omsorgskommune er ikkje tilfredsstillande. Det kjem fram at det for alle klientar har vore manglar i utførte tilsyn.

Summert opp viser gjennomgangen at regelverket for tilsynsbesøk berre er følgt i ei av seks saker, dvs. at 83,3% av sakene er det ikkje tilfredsstillande oppfølging av born plassert i Vanylven kommune.

I følge fosterheimsforskrifta skal tilsynsførar ha ei avhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. I følge barnevernsleiar har dei ikkje noko system for å dokumentere dette.

Når det kjem til tilsynsrapportar dekkjer ikkje alle krava til innhald. Blant anna manglar det i enkelte tilfelle opplysingar om kor vidt det har vore samtalar med barnet utan andre tilstade.

Konklusjon (side 20):

Barnevernet si oppfølging av born plasserte i fosterheim er ikkje tilfredsstillande følgd opp.

Det same gjeld fosterheimskommunen sitt ansvar med tilsyn av desse borna.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp eventuelle forhold frå rapportane, det er viktig at eventuelt manglande rapportar vert etterspurt.

Regelverket vedk. tilsynsførarrolla for born der Vanylven er fosterheimskommune vert ikkje følgd. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp eventuelle forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bland anna samtalar med bornet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vert ikkje dokumentert eigenvurderingar eller andre tiltak med omsyn til uavhengigheit, og det er derfor ikkje mogleg å kontrollere om tilsynsførarane er tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring.

### **Problemstilling 3:**

#### **Fylgjer kommunen regelverket med omsyn til arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning**

I del 5 av rapporten kjem det fram følgjande (for meir detaljert informasjon sjå side 21-23):

Kostnadar utover KS sine satsar utgjer i overkant av 1,5 mill. kr. Det største avviket finn vi på fosterheimsgodtgjersla, der det er utbetalt 1,1 mill. kr. over KS sine satsar. I tillegg kjem frikjøpet på i overkant av 400.000 kr. Fire av ni har fått trippel godtgjersle, tre har fått dobbel godtgjersle medan eit tilfelle har fått 4,5 gangar KS sine satsar.

Konklusjon:

Det er betalt arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar ved alle 9 fosterheimsplasseringane (inkludert frikjøp for den eine heimen).

Utgiftsdekning er rimeleg i samsvar med KS sine satsar.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. born høgast i Volda, med Vanylven som nest høgast.

**Problemstilling 4:****Bemanning og andre samanlikningar mellom kommunane**

Det vert det anbefalt av revisor å gå gjennom rapporteringane til hhv fylkesmann og KOSTRA, og vurdere kva som er årsak til avvika i rapporteringane. Siktemålet må vere å få lik rapportering. (Sjå del 6 og 7 i rapporten, side 24-30)

**Forslag til innstilling**

1. Kommunestyret tek til vitande Forvaltningsrevisjonsprosjektet - Barnevern – Vanylven kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 09.11.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen bør etablere rutinar som sikrar at regelverket vedk. utarbeiding og oppfølging av tiltaksplaner vert ivareteke.
  2. Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk, og passe på at oppnemnd tilsynsførar gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk og rapportering som sikrar at borna får det tilsynet dei har krav på.
  3. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
  4. Det må etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert oppbevart etter regelverket.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2017**.

Jostein Støylen  
Dagleg leiar



Ada Elise Håberg  
Konsulent

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

# BARNEVERN



## VANYLVEN KOMMUNE

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

---

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; **Barnevern – Tiltak, tilsyn, rutinar**. Prosjektet er ein del av etterlevelsesrevisjon jfr revisjonsplan vedteke i kontrollutvalet i sak 29/15.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*" (...)Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheit for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i henhold til standard for forvaltningsrevisjon - RSK001.

Rapporten er utarbeida av Halldis Moltu, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen v/barnevernstenesta i Vanylven kommune for velvillig bistand i arbeidet med prosjektet.

Larsnes 09.11.16

Halldis Moltu

Registrert revisor



**Innholdsfortegnelse**

SAMANDRAG .....	5
Anbefalinger .....	7
1 INNLEIING .....	8
1.1 Tilsyn- Fylkesmannen .....	8
1.2 Målsetting og problemstilling .....	8
1.3 Revisjonskriterier .....	9
1.3.1 Innleiing .....	9
1.3.2 Kjelder til kriterium .....	9
2 METODE OG GJENNOMFØRING .....	9
2.1 Verifisering av data .....	10
2.2 Avgrensing .....	10
3 PROBLEMSTILLING 1: .....	11
Fylgjer kommunen regelverket mht vedkomande tiltak .....	11
3.1 Innleiing .....	11
3.2 Revisjonskriterium .....	11
3.2.1 Tiltaksplan .....	11
3.2.2 Forskrift om politiattest .....	11
3.2.3 Oppsummering .....	12
3.3 Hjelpetiltak og tiltaksplanar- fakta .....	12
3.3.1 Hjelpetiltak og tiltaksplanar – rapportering til fylkesmannen .....	12
3.3.2 Hjelpetiltak og tiltaksplanar .....	12
3.3.3 Vurdering .....	14
3.3.3 Konklusjon .....	14
4 PROBLEMSTILLING 2: .....	15
Fylgjer kommunen regelverket mht oppfølging omsorgsbarn og tilsynsførarrolla .....	15
4.1 Innleiing .....	15
4.2 Revisjonskriterie .....	15
4.2.1 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim - omsorgsbarn .....	15
4.2.2 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim .....	15
4.3 Tilsynsførarrolla- fakta og vurdering .....	17
4.3.1 Kontroll av oppfølging omsorgsbarn og tilsyn fosterbarn .....	17
4.3.2 Vurdering .....	18
4.3.3 Konklusjon .....	20
5 PROBLEMSTILLING 3: .....	21
Fylgjer kommunen regelverket mht arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning .....	21
5.1 Innleiing .....	21

5.2	Revisjonskriterium .....	21
5.3	Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - fakta og vurdering .....	21
5.3.1	Fakta .....	21
5.3.2	Vurdering .....	23
5.3.3	Konklusjon .....	23
6.	Bemanning/samanlikning mellom kommunane .....	24
6.1	Innleiing .....	24
6.2	Revisjonskriterie .....	24
6	SAMANLIKNING MELLOM KOMMUNANE .....	24
6.1	Innleiing .....	24
6.2	Fakta .....	24
6.2.1	Stillingar .....	24
6.2.2	Nøkkeltal .....	25
6.3	Vurdering og konklusjon .....	26
7	DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta .....	27
7.1	Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon .....	28
7.2	Vurdering og konklusjon .....	29
8	RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING .....	30
9	VÅRE KOMMENTARAR .....	30
10	Litteraturliste: .....	31



## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i forbindelse med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 29/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015.

### Problemstillingar som skal belysast:

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande i verksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking
2. Fylgjer kommunen regelverket mht tilsynsførarrolla.

Underveig i arbeidet kom det fram informasjon som kan vere nyttig å få belyst (innspel frå ein rådmann), og prosjektet inneheld derfor i tillegg

- 3 Fylgjer kommunen regelverket mht arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning
- 4 Bemanning og andre samanlikningar mellom kommunane

Etter at arbeidet kom i gang, vart det fort klart at det i kontrollperioden kun har vore gjennomført ei omsorgsovertaking i kontrollperioden og av hensyn til at forholde vert for gjennomsiiktig har vi ikkje kunne gått vidare med problemstilling 1. Det er derfor utleda ny problemstilling :

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande tiltak.

Barnevernstenesta i Vanylven kommune er organisert under helse-og omsorg, og inngår ikkje i det interkommunale barnevernet på Søre Sunnmøre. I kommunen si rapportering til fylkesmannen og SSB går det fram at kommunen hadde 3,4 stillingar for åra 2013-2015.

### **Problemstilling 1: Fylgjer kommunen regelverket vedkomande tiltak:**

Vi har sett på tiltak som vart iverksett i etterkant av undersøkelse (på bakgrunn av bekymringsmelding). Dette utgjorde tiltak for 4 klientar i 2013, 9 klientar i 2014 og 9 klientar i 2015, totalt 22 klientar.

Det er forbedringspotensiale i forhold til å utarbeide tiltaksplan for alle klientar med tiltak. Det mangla signering av foreldre/ungdom for nær halvparten av planane.

Det er også forbedringspotensiale når det gjeld evaluering av tiltaksplanar.

Kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring.

### **Problemstilling 2: Fylgjer kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla**

Barnevernet si oppfølging av barn plasserte i fosterheim er ikkje tilfredsstillande fulgt opp. Det same gjeld fosterheimskommunen sitt ansvar med tilsyn av desse barna. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold frå rapportane, det er viktig at ev. manglande rapportar vert etterspurt.

Regelverket vedk. tilsynsførarrolla for barn der Vanylven er fosterheimskommune vart ikkje fulgt. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vart ikkje dokumentert egenvurderingar eller andre tiltak mht uavhengigheit, og det er derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane er tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring.

### **Problemstilling 3      Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket**

KS ( Kommunenes sentralforbund) utarbeider veileiande satsar for utgiftdekning og arbeidsgodtgjersle til fosterheimar.

Det er betalt arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar ved alle fosterheimsplasseringane (inkludert frikjøp for den eine heimen), og samla meirutbetaling utgjer i overkant av 1,5 mill.

Utgiftsdekning er rimeleg i samsvar med KS sine satsar.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn (ca kr 176.000) over snittet og tett under Volda som har høgast meirutbetaling. Sande er lågast då det ikkje vert utbetalt godtgjersle utover KS-satsar. Det er ikkje undersøkt om det er dekt tapt arbeidsgodtgjersle/frikjøp frå arbeid eller utbetalt anna kostnadsdekning i tillegg.

### **Problemstilling 4: Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre.**

Vanylven er den einaste kommunen der rapportering til fylkesmannen og KOSTRA samsvarer. For dei andre kommunane er det registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning og utvalte nøkkeltal.

Vanylven kommune er blant dei tre kommunane som har mest andel nye meldingar pr. barn 0-17 år ( 3,9), lågast er Ulstein (2,1). Når det gjeld undersøkingar pr. barn 0-17 år ligg Vanylven nest høgst (3,9) der Ulstein er lågast (1,9), og ligg på snittet når det gjeld undersøkingar pr. årsverk ( 6,8) mot Hareid høgast (10,7).

Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år viser i Vanylven ein andel på 2,7 % ( under snittet) medan Ulstein har lavast andel 2,3 % og Volda høgast med 4,5%. Kommunen ligg nest høgst 1,18% m.o.t. barn under omsorg pr barn 0-17 år, berre Hareid ligg høgare 1,33%. Lågast er Sande og Herøy.

Ser ein hjelpetiltak born pr årsverk ligg kommunen lavast av alle med 4,7, medan Ørsta er høgast med 9,8.

Vanylven ligg nest lavast pr. barn 0-17 år når det gjeld totale utgifter til hjelpetiltak kr 542,- pr barn, medan Herøy som brukar mest ligg på 1.697,-. Kommunen har dei høgaste kostnadane når det gjeld barn under omsorg. Totale kostnader til barnevern er på kr 10.974,- pr. barn 0-17 år, og dette er det høgaste av samanlikningskommunane. Sande brukar minst.

Samanlikning mellom kommunane kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (forebyggande) får dette igjen i form av færre omsorgsovertakingar.

Omsorgsovertaking er kostbart, men det er og stor variasjon innan kommunane m.o.t utbetalingar til fosterforeldre.

## Anbefalingar

- 1 Kommunen bør etablere rutinar som sikrar at regelverket vedk. utarbeiding og oppfølging av tiltaksplaner vert ivareteke.
- 2 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
- 3 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
- 4 Det bør etablerast rutiner som sikrar at politiattestar vert oppbevart etter regelverket.

# 1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i forbindelese med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 29/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015.

Vidare skulle vi vurdere om kommunen nyttar KS (Kommunenenes sentralforbund) sine satsar ved utbetaling av arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, samt foreta samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre.

Barnevernstenesta i kommunen er organisert som ein del av helse-og omsorg. Iflg rapportering til SSB er det er 3,4 stillingar knytt til barnevernstenesta pr 31/12-2015. I rapportering til Fylkesmannen for 2.halvår 2015 viser også 3,4 stillingar.

## 1.1 Tilsyn- Fylkesmannen

Fylkesmannen skal føre tilsyn med barnevernet i den enkelte kommune. Det vil seie at Fylkesmannen skal kontrollere at kommunane følgjer barnevernslova, gje kommunane råd og rettleiing og føre tilsyn med barnevernsinstitusjonane. Barnevernet rapporterer til Fylkesmannen to gongar i året, i tillegg kan Fylkesmannen kome på varsla tilsyn.

Fylkesmannen gjennomførte fristtilsyn 2011-2012 (avslutta 30/1-13) og hadde følgjande kommentar: Fylkesmannen finn at kommunen no har kontroll med situasjonen når det gjeld gjennomføring av undersøkingar. Den delen av tilsynet som gjeld fristbrota, vert med dette avslutta.

## 1.2 Målsetting og problemstilling

Formålet med prosjektet var å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer. Etter ønske frå ein rådmann vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS-sine satsar m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert følgd for den enkelte fosterheim. Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

Vanylven kommune har hatt kun ei omsorgsovertaking i perioden, og av omsyn til taushetsplikt har vi valgt å gå vekk frå denne problemstillinga. I staden fann vi det derfor

hensiktsmessig å sjå på tiltak som vart iverksett i etterkant av undersøkelse (på bakgrunn av bekymringsmelding).

Dette gir følgjande problemstillingar:

- 1 Fylgjer kommunen regelverket vedkomande tiltak ?
- 2 Fylgjer kommunen regelverket m.o.t. tilsynsførarrolla.
- 3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket
- 4 Bemanning og andre samanlikningar

## 1.3 Revisjonskriterier

### 1.3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteriet i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

### 1.3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova), 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedepartementet, sist endra i 2014\*
- Rutinehåndbok for barnevernstjenesten i kommunane, 2006
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015 (\*ikkje nytta pga at kommunen ikkje har endra praksis)
- KS-satsar for utgiftsdekning og arbeidsgodtgjersle
- BUF etat sine retningslinjer for dekking av utgifter til fosterheim

## 2 METODE OG GJENNOMFØRING

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Undersøkinga består av analyse av relevante dokument, rutinar og samtaler/ intervju ved behov. Alle omsorgsovertakingar i kontrollperioden vert kontrollerte m.o.t. omfang av tiltak før og etter omsorgsovertaking. Om alle har hatt tiltaksplanar før omsorgsovertaking og vedteken omsorgsplan etter omsorgsovertaking. Vidare vurdert om alle omsorgsborn vert fylgd opp av barnevernet i etterkant, og at tilsynsførarordninga fungerer. I den samanheng vart det nytta både saksmappene og utskrifter frå sakshandsamingssystemet Familia.

**Sakshandsamingssystemet Familia:**

Barnevernstenesta nyttar sakshandsamingssystemet Familia. Dette er eit elektronisk sakshandsamingssystem. Systemet skal omfatte heile sakshandsamingssystemet, og inneheld ein del malar for dette arbeidet. Kontrollarbeidet bygg på rapportar frå systemet som igjen har gitt grunnlag for å gå i klientmappene.

**Gjennomgang av klientmappene:**

Det vart opplyst at all skriftleg dokumentasjon som er knytt til barnevernssakene ligg føre i klientmappene, og det er desse som er grunnlaget for kontrollen.

**2.1 Verifisering av data**

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 17/10-2016.

**2.2 Avgrensing**

Prosjektet er avgrensa til å gjelde saker som har ført til omsorgsovertaking i perioden 2013-2015. Når det gjeld arbeidsgodtgjersle/utgiftsdekning og kostnader til barnevernet fordelt på funksjon er dette avgrensa til å gjelde 2015.

### 3 PROBLEMSTILLING 1:

## Fylgjer kommunen regelverket mht vedkomande tiltak

### 3.1 Innleiing

Barnevernstenesta skal sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien når det er behov for det. Tiltak kan i verksettast når foreldre ber om hjelp på grunn av forhold i heimen, og som resultat av bekymringsmeldingar eller av andre grunnar. Typiske hjelpetiltak kan vere råd og rettleiing til foreldre, avlastningsheimar, støttekontakt/ leksehjelp og evt. div økonomisk støtte. Det skal utarbeidast tiltaksplanar.

### 3.2 Revisjonskriterium

#### 3.2.1 Tiltaksplan

**Tiltaksplan etter barnevernslova § 4-5:**

*Når hjelpetiltak vedtas, skal barneverntjenesten utarbeide en tidsavgrenset tiltaksplan. Barneverntjenesten skal følge nøye med på hvordan det går med barnet og foreldrene og vurdere om hjelpen er tjenlig, eventuelt om det er nødvendig med nye tiltak, eller om det er grunnlag for omsorgsovertakelse. Tiltaksplanen skal evalueres regelmessig.*

**Tiltaksplaner i barneverntjenesten – en veileder:**

*Tiltaksplanar er viktige virkemidlar for å sikre foreldre og barn god informasjon om korleis barnevernet forstår og vurderar deira sak. Ved at barnevernet underbygg openheit og dialog medvirkar dei til auka forutsigbarheit, noko som er eit vesentleg element i forhold til klientane si rettsikkerheit. Element som skal inngå i ein tiltaksplan: Situasjonsbeskrivelse, målbeskrivelse, tiltaksbeskrivelse, tidsperspektiv og evaluering.*

Når det er fatta vedtak om hjelpetiltak etter barnevernslova § 4-4 skal barnevernstenesta i kommunen utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan, jf. bvl. § 4-5. Planen skal gjere greie for dei tiltak som er sett i verk, føremålet med tiltaka og vidare plan for oppfølging av tiltaka. Planen bør derfor presisere når tiltak skal evaluerast og på kva måte evalueringa skal skje.

Tiltaksplanen er eit sjølvstendig dokument. Den er ikkje eit enkeltvedtak og skal heller ikkje vere ein del av et vedtak. Lova føreset likevel at tiltaksplanen skal ligge føre samtidig med vedtaket og at det bør gå fram av vedtaket at tiltaksplan er utarbeida.

#### 3.2.2 Forskrift om politiattest

**Forskrift om politiattest § 3, § 4 og § 8:**

*Barneverntjenesten skal kreve politiattest etter barnevernloven § 6-10 første ledd fra støttekontakter og andre som utfører oppgaver for barneverntjenesten som ledd i hjelpetiltak etter lovens § 4-4.*

Det går fram av § 3 at politiattest gjeld og for fosterforeldre og personer som tek i mot barn som heildøgns avlastningstiltak i sin private heim.



Vidare går det fram av § 8 at politiattesten skal av kontrollomsyn oppbevarast av det organ eller institusjon som etter forskrifta er ansvarleg for å krevje politiattest framlagt. Politiattesten skal oppbevarast forsvarleg og på ein slik måte at uvedkomande ikkje får tilgang til den. Politiattesten skal oppbevarast så lenge vedkomande har stillinga eller oppdraget.

### 3.2.3 Oppsummering

- Ved vedtak om hjelpetiltak skal barnevernstenesta utarbeide ein som skal vere signert av foreldre/ungdom. Det skal i planen gå fram tidspunkt for evaluering. Det skal innhentast politiattest frå alle som utfører arbeidsoppgåver som høyrer under hjelpetiltak.

## 3.3 Hjelpetiltak og tiltaksplanar- fakta

### 3.3.1 Hjelpetiltak og tiltaksplanar - rapportering til fylkesmannen

	2015		2014		2013	
	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår
Antal barn med hjelpetiltak	16	18	16	13	14	17
Antal barn med tiltaksplan	13	16	12	10	12	15
Antal barn under omsorg	7	7	7	8	10	10
Antal barn med omsorgsplan	7	5	7	8	7	10
Antal barn utan omsorgsplan	0	2	0	0	3	0

I barnevernstenesta si halvårsrapportering til fylkesmannen går det fram at det var 14 barn med hjelpetiltak i 2. halvår 2013, 16 barn med hjelpetiltak i 2. halvår 2014, og 16 barn med hjelpetiltak i 2. halvår 2015, jfr tabell ovanfor. Dette inkluderar tiltak iverksett etter undersøkelser og andre tiltak (igangsett etter at t.d. foreldre har bedt om hjelp). I same periode var det utarbeida tiltaksplan for hhv 12, 12 og 13 av desse barna. Dette viser at dekningsgraden for bruk av tiltaksplanar har bevega seg frå 85 % nedtil 75 % og opp igjen til 81 % i perioden. Ovannemde rapportering for 2015 er i samsvar med det som er rapportert til KOSTRA (rapportering 2015) både når det gjeld hjelpetiltak/tiltaksplan og omsorg/omsorgsplan.

### 3.3.2 Hjelpetiltak og tiltaksplanar

Vi har sett på tiltak som vart iverksett i etterkant av undersøkelse (på bakgrunn av bekymringsmelding). Dette utgjorde tiltak for 4 klientar i 2013, 9 klientar i 2014 og 9 klientar i 2015, totalt 22 klientar.

Kvart barn skal ha berre ein tiltaksplan. Dette inneberer at alle tiltak skal omfattast av same plan, og tiltak som kjem på eit seinare tidspunkt skal innarbeidast i den eksisterande tiltaksplanen (oppdatering).

Barne- og likestillings departementet har utarbeidd mal over kva ein tiltaksplan bør innehalde, og malen i Familia stettar dette.

Tabellen nedanfor syner antal hjelpetiltak som er iverksett med bakgrunn i bekymringsmelding.

Klient	Tiltaks- periode	Tiltaks- plan	Signert ungdom/føresette	Politi- attest	Evaluering plan
1	2013	x	x		x
2	2013/2014	x	x		x
3	2014/2015	x	x	-	x
4	2014	x	-	-	-
5	2014-2015	x	-	-	-
6	2014 til dd	x	-	-	-
7	2014-2015	x	-	-	x
8	2013-2015	x	x		x
9	2014-2015	x	x	-	x
10	2014-2015	x	-	-	x
11	2014-2015	x	-	-	x
12	2014-2015	x	x	-	x
13	2015	x	-		x
14	2015	x	x	-	x
15	2015	x	x		x
16	2015	x	x	-	x
17	2015	x	x	-	x
18	2013-2015	-	-	-	-
19	2015	-	-	-	-
20	2015	-	-	-	-
21	2015	x	x	-	x
22	2015	x	x	-	x

Det låg føre tiltaksplan i 19 saker, dvs at det mangla plan i 3 saker. 12 av planane var signert av føresette.

Tiltaka er forskjellig; alt frå barnehage/SFO (1), besøksheim (8), støttekontakt (3), andre tiltak (8), råd og veiledning (6), ansvarsgruppe (10), andre heimebaserte tiltak (7) og PMTO (2), totalt 45 tiltak (jfr tal i parantes som viser fordeling).

Det skal innhentast politiattest for støttekontakter, besøksheimar mv. og dette gjeld 17 av ovannemde tiltak. Det låg ikkje politiattestar i mappene, men på enkelte mapper var det notert at politiattest var innhenta. Det vart vist til at politiattestar skal makulerast.

For 16 av klientane som har tiltak, har det skjedd evaluering iht planen. For 3 av klientane har det ikkje vore evaluering, og 3 av klientane hadde ikkje tiltaksplan (jfr ovanfor).

### 3.3.3 Vurdering

Av veiledaren frå BLD går det fram at tiltaksplanar er eit viktig verktøy i barnevernsarbeidet av fleire grunnar: den faglege kvaliteten kan verte styrka på fleire måter gjennom aktiv bruk av tiltaksplanar, dei sikrar openheit og tydelegheit som er særst viktig innanfor ei teneste der mange er ambivalent til å motta hjelp og slike planar gir auka forutsigbarheit noko som er vesentlege element i forhold til klientane si rettsikkerheit.

Slike planar er viktige virkemidlar i barnevernsteneste sitt forvaltningsmessige arbeid (saksbehandlinga), og reell nytte er avhengig av at utarbeiding og bruk av tiltaksplanar inngår som ein naturleg del i det daglege barnevernarbeidet, ikkje minst i samhandling med dei som planen angår.

Barnevernstenesten i Vanylven hadde utarbeida tiltaksplan for 19 av dei 22 klientane, og dette viser at dei aktivt brukar tiltaksplan i sitt arbeid. 12 av planane var signert av ungdom/føresette, og her har ein forbedringspotensiale. Om dette betyr at planane ikkje vert brukt i samhandlinga med føresette har vi ikkje grunnlag for å konkludere på, men barnevernstenesta må vurdere om rutinene her er gode nok.

Det er eiga forskrift om politiattest for dei som arbeider på tiltakssida i barnevernet. Det er ikkje dokumentert at det er innhenta politiattest for dei 17 tiltaka som er omfatta av forskrifta. I enkelte av mappene er det notert at det er innhenta slik attest, men iflg administrasjonen har desse vorte makulerte då det ikkje er høve til å oppbevare desse. Forskrift seier imidlertid at slike attestar skal oppbevarast så lenge vedkomande er tilsett. Kommunen sin praksis er såleis ikkje i samsvar med regelverket.

Iflg BVL § 4-5 og ovannemde veileidar skal tiltak evaluerast regelmessig. Det skal gå fram av tiltaksplanen på kva tidspunkt den skal evaluerast (når eller kor ofte). I samband med undersøkinga har ein sett nærmare på om tiltaksplanane har vore evaluerte.

For 16 av klientane som har tiltak, har det skjedd evaluering iht planen. For 3 av klientane har det ikkje vore evaluering, og 3 av klientane hadde ikkje tiltaksplan (jfr ovanfor).

### 3.3.3 Konklusjon

Det er forbedringspotensiale i forhold til å utarbeide tiltaksplan for alle klientar med tiltak. Det mangla signering av foreldre/ungdom for nær halvparten av planane.

Det er også forbedringspotensiale når det gjeld evaluering av tiltaksplanar.

Kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring.

## 4 PROBLEMSTILLING 2:

### Fylgjer kommunen regelverket mht oppfølging omsorgsbarn og tilsynsførarrolla

#### 4.1 Innleiing

Tilsyn og kontroll i høve barn i fosterheim, er ei svært viktig oppgåve for barnevernet, det vil seie korleis barnet vert følgt opp av barnevernet etter at det er fatta vedtak om omsorgsovertaking. Det er vurdert om barnevernet har etablert tilfredstillande rutinar mht oppnemning av tilsynsførar, og om det vert ført regelmessig tilsyn og kontroll ved dei ulike fosterheimane, både av tilsynsførar og barnevernstenesta sjølv.

Tilsynsførar skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både fosterfamilie og barnevern.

Rapporten tek utgangspunkt i fosterheimsforskrifta som var gjeldande fram til 2014, då kommunen ikkje har endra praksis.

#### 4.2 Revisjonskriterie

##### 4.2.1 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim - omsorgsbarn

Det går fram av fosterheimsforskrifta § 7 først ledd at barnevernstenesta i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen.

Oppfølginga skal skje minimum 4 gongar pr. år. Om barnevernet har vurdert forholda i fosterheimen som gode kan ein vedta at antal besøk skal reduserast til minimum 2 gongar i året for barn som har vore plasserte i meir enn to år.

##### 4.2.2 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim

Det skal gjennomførast tilsyn frå tidspunktet omsorgsovertakinga skjer til barnet har fylt 18 år. Det skal først kontroll over den omsorga barnet får i fosterheimen, og at føresetnadane for plasseringa blir følgt opp. Det er barnevernstenesta i fosterheimskommunen som har ansvaret for at det blir ført tilsyn, og det er krav om at alle born som er plassert i fosterheim skal ha ein tilsynsførar. Tilsynsførar skal føre tilsyn med barnet så ofte som nødvendig og minimum fire gongar pr år. Når barnet er over 15 år, kan det besluttast at tilsynsførarbesøk kan reduserast til 2 gongar pr år, men det er då ei føresetnad at omsorgskommunen må samtykke til reduksjonen. Første besøk skal skje så raskt som mulig etter plassering. Tilsynsførar skal etter kvart besøk skrive rapport frå besøket. Denne skal sendast til omsorgskommunen.

Det går fram av rettleiar til forskrift til fosterheim at første besøk skal skje så raskt som mulig etter plassering, og anbefalt innan 14 dagar.

I følge fosterheimsforskrifta § 8, 4 ledd skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til barneverntenesta og fosterforeldra. A

Av Retningslinjer for fosterhjem kap. 12 går det fram av 12.3 at: *Tilsynsføreren skal ha en uavhengig rolle i forhold til barneverntjenesten og fosterforeldrene, jf. fosterhjemsforskriften § 8, tredje ledd. Det er barneverntjenesten som oppnevner tilsynsførere og tilsynsførerordningen er administrativt knyttet til barneverntjenesten. Ut over dette bør tilsynsfører ikke ha noen tilknytning til barneverntjenesten. Det er således som en hovedregel ikke adgang til å oppnevne ansatte i barneverntjenesten som tilsynsførere. Rent unntaksvis, dersom det ikke er mulig å finne kvalifiserte tilsynsførere som ikke har tilknytning til barneverntjenesten, vil det kunne være mulig å oppnevne en tilsynsfører som er ansatt i barneverntjenesten. Det er som en hovedregel heller ikke adgang til å oppnevne slekt, venner eller bekjente av fosterforeldrene som tilsynsførere.*

Fosterheimsforskrifta §§ 8 og 9 gir vidare informasjon om korleis tilsynet skal utførast.

**Forskrift om politiattest § 4:**

*Kommunen skal kreve politiattest etter barnevernloven § 6-10 første ledd fra personer som skal utøve tilsyn med barn i fosterhjem etter barnevernloven § 4-22)*

**Tilsyn med barn plassert i institusjon**

I forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar går det fram av § 3 at «fylkesmannen i det fylket institusjonen ligger har ansvaret for at det blir ført tilsyn i overensstemmelse med denne forskriften». Vidare går det fram under § 7 «tilsynsmyndighetenes oppgaver» at tilsynsmyndigheita skal sjå etter at institusjonen vert driven i samsvar med gjeldande lover, føreskrifter og retningslinjer. Vidare skal tilsynsmyndigheita sjå etter at institusjonen tek i vare dei føresetnadar som ligg til grunn i barnevernstenesta eller fylkesnemnda sitt enkelte vedtak og at kvar enkelt barn

- a) får forsvarleg og respektfull omsorg og behandling,
- b) får opplæring i samsvar med regelverket og
- c) ikkje vert utsett for forhold som hensett til barnet sin alder, som kan krenke integritet og at barnet sine rettigheter etter lov om bvt § 5-9 blir respektert, jf. Retten til å ha samkvem med andre og fridom til å bevege seg fritt i og utanfor institusjonsområdet.

Tilsynsmyndigheita skal også sjå etter at det ligg føre målsettingar og plan for kvart enkelt barn i tillegg til at dei skal sjå etter at bruk av tvang ikkje skjer i strid med gjeldande reglar. Tilsynsmyndigheita skal i alle tilfelle føre tilsyn ved besøk i institusjonen minst to gongar kvart år. Institusjonar som tek i mot born som er plassert etter barnevernslova §§ 4-24 og 4-26 skal besøkast minst fire gongar kvart år, der minst to besøk skal skje uanmeldt.

Tilsynsmyndigheita skal ta kontakt med kvart enkelt barn. Når barnet sin alder og modning tilseier det skal tilsynsmyndigheita spørje det enkelte barn om barnet deira syn på

opphaldet. Etter kvart besøk skal tilsynsmyndigheita utarbeide skriftlig rapport som sendast institusjonen og statlig regional barnevernsmyndighet.

#### Oppsummert

- Barnevernet i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barns sin situasjon i fosterheimen.
- Barnevernet skal som hovudregel besøke fosterheimen minimum 4 gongar pr år (etter 2 år kan ein vurdere reduksjon til 2 ggr dersom forholda er). Det skal skrivast rapportar frå fosterheimsbesøket.
- Barn i fosterheim skal ha en tilsynsførar, og det skal gjennomførast minimum fire tilsyn pr. år av tilsynsførar (når barnet har fylt 15 år kan antal besøk reduserast til 2 pr år forutsett at omsorgskommunen har samtykka). Det skal skrivast rapportar frå tilsynsbesøket.
- Tilsynsførar bør ikkje ha tilknytning til barnevernet eller fosterforeldre.

### 4.3 Tilsynsførarrolla- fakta og vurdering

#### 4.3.1 Kontroll av oppfølging omsorgsbarn og tilsyn fosterbarn

Kommunen hadde 7 barn som var under omsorg pr 31/12-2015, av desse er eit på institusjon (Fylkesmannen i institusjonskommunen har tilsynsansvar og bustadkommunen har ikkje rett til å få rapport i høve tilsynet på institusjonen).

Kommunen hadde plassert 6 born i andre kommuner, og desse har fått oppnemnd tilsynsførar av fosterheimskommunen. Barnevernstenesta har også eit eige tilsyn/oppfølgingsansvar med fosterheimen i desse tilfella.

Tabellen nedanfor viser tilsynsbesøk av hhv tilsynsførar (TF) (der fosterheimskommune har ansvaret for å oppnemne tilsynsførar) og barnevern (BV):

Klient	Omsorgskommune	Fosterheimskommune	Tilsynsrapportar- TF			Oppfølging - BV		
			2015	2014	2013	2015	2014	2013
1	Vanylven	Ørsta	3		2	2	4	4
2	Vanylven	Vanylven	1	3	1	2	4	2
3	Vanylven	Ålesund	2	3	2	2	5	2
4	Vanylven	Ålesund	0	0	0	0	2	0
5	Vanylven	Volda	0	0	2	0	3	4
6	Vanylven	Volda	0			2		
7	Vanylven	Sula/Institusjon	0	2	2	3	4 + 2	3

Tabellen nedanfor viser tilsynsbesøk der Vanylven er fosterheimskommune (VK har ansvaret for å oppnevne tilsynsførar):

Tilsynsrapportar- TF



Klient	Omsorgskommune	Fosterheimskommune	2015	2014	2013
1	Ålesund	Vanylven	4	4	3
2	Molde	Vanylven	2	3	3
3	Ålesund	Vanylven	4	1	
4	Stranda	Vanylven	1	5	1
5	Stranda	Vanylven	1	0	2
6	Haram	Vanylven	4	4	4

Det går fram av retningslinjer for fosterheim kap 12.3 at tilsynsførarar ikkje bør ha noko form for tilknytning til barnevernet eller fosterforeldre. Det ligg ikkje føre nokon dokumentasjon som synar at uavhengigheita for tilsynsførarane har vore vurdert, men vi har ved eit tilfelle sett at tilsynsførarar sjølv har sagt opp oppdraget sitt pga denne problematikken .

### 4.3.2 Vurdering

#### Oppfølging av tilsyn der VK er omsorgskommune:

##### *Barnevernet si oppfølging:*

For klient 1 har barnevernet utført 4 tilsyn i 2013, 4 i 2014 og 2 i 2015. Barnevernet kan redusere antal tilsyn etter 2 år dersom forholda er stabile, men det ligg ikkje føre dokumentasjon på at det er teke ei sånn beslutning.

Klient 2 har hatt hhv 2, 4 og 2 tilsyn, dvs at det har vore for lite tilsyn både i 2013 og 2015. Det same gjeld klient 3, der det har vore hhv 2, 5 og 2 tilsyn. For begge desse er det ikkje dokumentert beslutning om redusert tilsyn etter 2 år.

Klient 4 har ikkje hatt tilsyn i 2013 og 2015, og kun 3 i 2014. Frå 2015 er det teke beslutning om redusert tilsyn, men det skulle likevel vore utført 2.

Klient 5 har hatt 4 i 2013, 3 i 2014 og 0 i 2015. Frå 2015 er det teke beslutning om redusert tilsyn, men det skulle likevel vore utført 2.

Klient 6 har hatt 2 tilsyn (plassert sommar 2015), og dette er i samsvar med regelverket.

Klient 7 har hatt hhv 3, 6 og 3 tilsyn, dvs for lite i 2013 og 2015.

Barnevernet si oppfølging av barn plassert i fosterheim er ikkje tilfredsstillande. Kun 1 av 7 plasseringar har fått oppfølging i samsvar med regelverket for slik oppfølging.

##### *Fosterheimskommunen si tilsynsførarordning:*

Klient 1 har hatt 2 tilsyn i 2013, 0 i 2014 og 3 i 2015. Klient 2 har hatt hhv 1, 3 og 1 og klient 3 hhv 2, 3 og 2. Dvs at ingen av desse har hatt tilfredsstillande tilsynsbesøk.



Klient 4 har ikkje hatt tilsynsbesøk i kontrollperioden, medan klient 5 har hatt eit tilsyn i 2013 og ingen dei andre åra.

Klient 6 har ikkje hatt tilsyn i 2015, men dette gjaldt barn plassert først sommaren 2015. Tilsyn skal utførast med 4 ggr pr år, og det burde såleis vore utført 2 tilsyn.

Klient 7 har hatt to tilsyn pr år i 2013-2014, etter dette er vedkomande plassert på institusjon der det er fylkesmannen som har ansvar for tilsyn og omsorgskommunen ikkje har krav på tilsynsrapportar. Det går ikkje fram av dokumentasjon at det er gjort vedtak om redusert tilsyn i samsvar med regelverket, og heller ikkje forelegg det ev. godkjenning frå omsorgskommunen. Vi legg derfor til grunn at det skulle ha vore utført 4 tilsynsbesøk både i 2014 og 2015.

Fosterheimskommunen si oppfølging når det gjeld tilsyn i dei saker der Vanylven kommune er omsorgskommune er ikkje tilfredsstillande. Av ovannemde går det fram at det for alle klientar har vore manglar i utførte tilsyn. Vanylven kommune skal ha kopi av tilsynsrapportane, og følgje opp ev. forhold som gir grunn til bekymring. Kommunen må derfor purre på ev. manglande rapportar (som igjen sannsynlegvis er ein konsekvens av manglande tilsyn). Det kan vere at det er utført tilsyn, men at fosterheimskommunen har gløymt å sende rapportane til omsorgskommunen. Ei ev. purring vil fange opp dette, men vi kan ikkje sjå at det er foreteke slik purring.

#### **Oppfølging av tilsyn der VK er fosterheimskommune:**

Kommunen er ansvarleg for å oppnevne tilsynsførar.

Kommunen har tilsynsansvar for 6 born som har opphald i kommunen (plassert frå andre kommunar). Alle borna har oppnemnd tilsynsførar.

For klient 1 har det vore eit tilsyn for lite i 2013, elles er krava oppfylt.

Klient 2 har hatt eit tilsyn for lite i 2013 og 2014, og to for lite i 2015. Vedkomande var over 15 i 2014, men det ligg ikkje føre vedtak på redusert tilsyn i fosterheimen som regelverket opnar for, jfr forskrift for fosterheim § 8. I eit slikt tilfelle skal også barnet og omsorgskommunen samtykke, og det ligg ikkje føre slik dokumentasjon. Også her legg vi til grunn at det skulle vore utført 4 tilsyn.

Når det gjeld klient 3 er krava til tilsynsbesøk ikkje oppfylgt i 2013 og 2014, medan det i 2015 er utført tilfredsstillande besøk. For klient 4 er det tilfredsstillande besøk i 2014, men ikkje i 2013 og 2015.

For klient 6 er det utført tilfredsstillande tilsynsbesøk.

Oppsummert viser gjennomgangen at regelverket for tilsynsbesøk kun er fulgt i ei av seks saker, dvs at i 83,3% av sakene er det ikkje tilfredsstillande oppfølging av barn plassert i Vanylven. I den eine saka har imidlertid reglane vore fulgt dei to siste åra i kontrollperioden.

Det har dermed ikkje vore tilfredsstillande tilsyn i kontrollperioden.

#### **Tilsynsførarordninga – uavhengigheit**

Iflg fosterheimsforskrifta skal tilsynsførarar ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Iflg barnevernsleiar har dei ikkje noko system for å dokumentere dette, men ho ser at dette er nødvendig å skriftleggjere. Dette er noko dei vil ta tak i barnevernsnettverket som har faglege samlingar (til hausten).

#### **Tilsynsrapportar:**

Rapportane skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon. Det skal gå fram kva vurderingane av barnet sin situasjon bygg på, og om det har vore samtaler med barnet. Det skal leggst til rette for samtale med barnet utan at fosterforeldra er tilstade, når alder og kommunikasjon gjer dette muleg. Det vart brukt forskjellige malar av tilsynsførarane, der det var ferdig utarbeida ledetekstar. Ikkje alle dekkar krava til innhald i rapportane, m.a. manglar det i enkelte tilfelle opplysningar om kor vidt det har vore samtalar med barnet utan andre tilstade. Enkelte rapportar er «tynne» medan andre er fyllestgjerande, og dette skil seg frå tilsynsførar til tilsynsførar. Barnevernet bør følgje opp at rapportane har tilfredsstillande innhald slik at barnevernet som har omsorgsansvar kan vurdere om fosterheimen fungerer tilfredsstillande .

### **4.3.3 Konklusjon**

Barnevernet si oppfølging av barn plasserte i fosterheim er ikkje tilfredsstillande fulgt opp. Det same gjeld fosterheimskommunen sitt ansvar med tilsyn av desse barna. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold frå rapportane, det er viktig at ev. manglande rapportar vert etterspurt.

Regelverket vedk. tilsynsførarrolla for barn der Vanylven er fosterheimskommune vert ikkje fulgt. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vert ikkje dokumentert egenvurderingar eller andre tiltak mht uavhengigheit, og det er derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane er tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring.

## 5 PROBLEMSTILLING 3: Fylgjer kommunen regelverket mht arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning

### 5.1 Innleiing

Kommunane sentralforbund (KS) gir kvart år ut veileiande satsar for arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning. Arbeidsgodtgjersla er skattepliktig for mottakar, men utgiftsdekninga er skattefri forutsett at ein nyttar KS sinesatsar. Utbetaling utover KS-satsar må dokumenterast særskilt, og grunnjevast. Vi har registrert at det vert dekkja utgifter utover KS-satsar, og etter innspel vil vi kartlegge omfanget av dette, og evt. bruk av frikjøp i arbeid i staden for arbeidsgodtgjersle. I denne samanheng ser vi berre på utbetalningar for 2015.

### 5.2 Revisjonskriterium

**KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2014**

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 766	7 440	12 206
6-11	5 920	7 440	13 360
11-15	6 470	7 440	13 910
15 år og eldre	7 030	7 440	14 470

**KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2015**

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 870	7 600	12 470
6-11	6 040	7 600	13 640
11-15	6 600	7 600	14 200
15 år og eldre	7 175	7 600	14 725

I flg. BUF dir. ( Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) kan det i ei overgangsperiode vere behov for forsterking og tettast oppfølging av barnet ved t.d. frikjøp frå arbeid for fosterforeldre. Det går fram av eksempelsamling at det dette er å vurdere som arbeidsgodtgjersle og er skattepliktig.

### 5.3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - fakta og vurdering

#### 5.3.1 Fakta

I utgangspunktet skulle undersøkinga belyse total kostnader pr. fosterbarn. Vanylven kommune brukar ikkje økonomidelen av Familia, og det vert heller ikkje ført «kundekort» på dei økonomiske tiltaka eller brukt prosjektrekneskap i Agresso. Det er derfor ikkje muleg å presentere oppstilling over kostnader pr barn. Det er litt ymse korleis dette vert gjort i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Det er derfor ikkje muleg å få noko samanlikninga

med andre kommunar over totale kostnader pr omsorgsbarn, men vi vil samanlikna omfang av utgiftsdekning, arbeidsgodtgjersle og frikjøp i arbeid så langt dette er muleg.

KS kjem med nye satsar gjeldande frå 1.juli kvart år. Tabellen nedanfor viser fosterheimsgodtgjersle etter statens satsar, kommunen si utbetaling av fosterheimsgodtgjersle og frikjøp av fosterheim som er utbetalt direkte eller til arbeidsgivar. Det er teke omsyn til antal månader for dei som har hatt redusert år. I denne oppstillinga er det også med godtgjersle til fosterheimar etter frivillig plassering, sjølv om dette vert definert som hjelpetiltak.

#### Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning 2015 – Vanylven barnevern

	Fosterheims godtgjersle KS	Utbetalt frå VK	Utgifts- dekning KS	Utbetalt frå VK	Fri- kjøp	Kostnadar utover KS-sats
1	45 120	13 480	39 600	55 717	402 033	386 510
2	90 240	270 720	78 420	107 491		209 551
3	90 240	263 120	85 230	96 480		184 130
4	90 240	270 720	78 420	79 620		181 680
5	90 240	193 598	71 760	71 880		103 478
6	90 240	180 480	57 816	57 816		90 240
7	90 240	404 796	85 230	85 230		314 556
8	60 160	119 680	38 820	39 882		60 582
9	28 120	89 280	9 595	9 595		61 160
<b>Sum</b>	<b>674 840</b>	<b>1 805 874</b>	<b>544 891</b>	<b>603 711</b>	<b>402 033</b>	<b>1 591 887</b>

**Samanlikning mot andre kommunar:**

## Arbeidsgodtgj. og utg.dekn utover KS-sater pr barn Kommunane på Søre Sunnmøre

Utbetaling til fosterfamilie	*barn	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	1	251476	91946		130904	386510	526714	181600
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	2	128105	229905		0	209551	533220	45120
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	3	348431	424122		353010	184130	87932	164926
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	4	4170	90240		492324	181680	140755	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	5	522298	0		172945	103478	320021	488190
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	6	8149	347728		172385	90240	360840	180360
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	7	16574	287080		220750	314556	208830	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	8	5099	-18180		220750	60582	198784	129450
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	9		242760		128064	61160	180480	65407
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	10		-17468		90240		82640	157680
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	11		-17468		137998		90240	329962
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	12		153966		52756		0	272678
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	13		-1385		93690		0	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	14				22334		-73320	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	15				275712		246070	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	16				0		960	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	17				0			
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	18				280264			
		1284302	1813246	0	2844126	1591887	2904166	2015373
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats pr barn		160538	139480	0	158007	176876	181510	177254

\* Barn plassert hos familie som ikkje mottek arb.g.gjersle er halde utanfor

Tabellen viser meirutbetalinga utover KS-sine satsar for det einskilde omsorgsbarn i dei respektive kommunane. Samla utbetalingar for kvar kommune, og gjennomsnittleg meirutbetaling pr. omsorgsbarn. Vanylven kommune har ei meirutbetaling på ca 176` i gjennomsnitt pr. omsorgsbarn. Sande kommune har ikkje meirutbetaling, og Volda har mest meirutbetaling med ca. 180` i gjennomsnitt pr. omsorgsbarn.

### 5.3.2 Vurdering

Kostnadar utover KS sine satsar utgjer i overkant av 1,5 mill. Største avviket finn vi på fosterheimsgodtgjersla, der det er utbetalt 1,1 mill over KS sine satsar. I tillegg kjem frikjøpet på i overkant av 400.000. Fire av ni har fått trippel godtgjersle, tre har fått dobbel godtgjersle medan eit tilfelle har fått 4,5 gang KS sine satsar.

Ved eit tilfelle er det betalt både frikjøp og arbeidsgodtgjersle, men utbetalt arbeidsgodtgjersle er beskjedne. BUF-etat legg til grunn at der det er frikjøp, skal det ikkje betalast arbeidsgodtgjersle i tillegg.

Når det gjeld utgiftsdekninga, er avviket på kr. 58.820,-. Sistnevnte er skattefritt innanfor KS sine satsar, men i spesielle tilfeller kan det betalast ut meir mot grunngjeving og særskilt dokumentasjon. Vi har ikkje vurdert dette nærare, fordi dette ikkje inngår i prosjektet. Utbetalingar utover KS sine satsar er også uvesentleg.

### 5.3.3 Konklusjon

Det er betalt arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar ved alle 9 fosterheimsplasseringane (inkludert frikjøp for den eine heimen).

Utgiftsdekning er rimeleg i samsvar med KS sine satsar.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn høgast i Volda, med Vanylven som nest høgast.

## 6. Bemanning/samanlikning mellom kommunane

### 6.1 Innleiing

Barnevernet i kommunane rapporterar til fylkesmannen 2 gonger pr år, og til SSB/KOSTRA ein gang pr år. Rapporteringa til fylkesmannen skjer ved at ein tek ut rapportar i fagsystemet Familia, og punchar dette inn i rapporterings skjema som ligg på Fylkesmannen si heimesida. Rapporteringa til KOSTRA skjer ved innsending av kryptert fil frå fagsystemet.

### 6.2 Revisjonskriterie

Rapportar til fylkesmannen og tal frå KOSTRA-rapportering.

## 6 SAMANLIKNING MELLOM KOMMUNANE

### 6.1 Innleiing

Barnevernet i kommunane rapporterer til Fylkesmannen 2 gonger pr. år (pr 30/6 og 31/12), og til SSB/KOSTRA ein gang pr. år (pr 31/12). Rapporteringa til Fylkesmannen skjer ved at barnevernet legg tala inn i rapporterings skjema som ligg på Fylkesmannen si heimeside. Rapporteringa til KOSTRA skjer ved innsending av kryptert fil frå fagsystemet.

### 6.2 Fakta

#### 6.2.1 Stillingar

Barnevernstenesta er organisert som ein del av avdeling helse-og omsorg i kommunen. I kommunen si rapportering til Fylkesmannen går det fram at kommunen hadde 3,4 stilling i 2.halvår 2015, og det same for 1. halvår 2015. Det har vore rapportert same antal stillingar også for 2013 og 2014..

Nedanfor har ein samanlikna innrapporterte tal til fylkesmannen (raud) og KOSTRA (blå). Kontrollperioden er 2013-2015.

#### Rapportert Fylkesmann 2. halvår

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Arsmelding IK BV
2015	6,5	5	2	6,5	3,4	9,3	7,1	27,9	31,3
2014	7,5	5	2	6,5	3,4	8,3	6,1	25,9	
2013	7,1	4,4	2	6,5	3,4	7,6	6,4	24,9	



**Rapportert KOSTRA**

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Årsmelding IK BV
2015	7,5	6	2,4	7,5	3,4	10,3	8,1	31,9	31,3
2014	7,3	6	2,2	7,5	3,4	8,8	9,5	31,8	
2013	7,1	4,5	1,8	6,5	3,4	7,5	7,3	25,8	

Samanlikning mellom SSB og fylkesmannen si rapportering viser samsvar, som den einaste kommunen som inngår i samanlikninga.

Kommunane Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda gjekk saman i eit interkommunalt samarbeid frå 01.01.2014, administrert under rådmannen i Volda. For kommunane som inngår i det interkommunale barnevernet er det laga til ei sum kolonne for å sjå den rapporterte informasjon opp mot årsmeldinga til samarbeidet. I flg. årsmelding for 2015 var det 31,3 stillingar til den lovpålagte barnevernstenesta. Dette er tilnærma som rapportert til KOSTRA, men høgre enn sum rapportert til Fylkesmannen. I tillegg har dei om lag 30 stillingar til arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda og Ørsta.

**6.2.2 Nøkkeltal**

I tillegg til stillingar vert enkelte nøkkeltal innrapportert både til fylkesmannen og KOSTRA/SSB. Tabellane nedanfor viser nøkkeltal henta frå rapporteringa til fylkesmannen (raud) og nøkkeltal frå KOSTRA/SSB (blå).

Samanlikning mellom tabellane viser avvik på dei fleste kontrollpunkta, men for Vanylven var det veldig små avvik. Det var spesielt store avvik i rapporteringa for kommunane Ørsta og Hareid .

**Nøkkeltal henta frå rapporteringa til fylkesmannen:**

	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. Barnevern	Årsmelding IKBV
<b>2015</b>									
Stillingar(fag+merkantil)	6,5	3,4	2	6,5	5	9,3	7,1	27,9	31,3
Gjennomgatte meldingar	53	23	21	44	70	65	82	261	
Henlagte meldingar	2	0	5	4	5	11	10	30	
Antal nye undersøkelser	51	23	16	40	65	54	72	231	255
Henlagte undersøkelser	23	15	3	22	38	27	48	135	
Vedtak om tiltak	19	15	6	12	17	35	27	91	
Total ant born i hjelpetiltak	69	16	20	47	29	85	74	235	169
Tiltaksplan	61	13	15	40	25	76	66	207	
Antal born under omsorg	10	7	2	16	15	12	14	57	59
Born med omsorgsplan	10	7	2	14	11	9	14	48	
Ant.born med tilsynsansvar	15	7	5	12	14	32	18	76	76
Akuttvedtak				2				2	

**Nøkkeltal henta frå grunnlagsdata barnevern KOSTRA:**



2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern	Årsmeiding IK BV
Stillingar( fag+ merkantil)	7,5	3,4	2,4	7,5	6	10,3	8,1	31,9	31,3
Antal nye meldingar	54	23	21	44	70	67	82	263	
Antal henlagte meldingar	2	0	5	4	6	11	10	31	
Antal nye undersøkelser	52	23	16	40	64	56	72	232	255
Henlagte undersøkelser	23	14	0	19	35	24	46	124	
Vedtak om tiltak	20	15	6	12	15	34	30	91	
Total antal barn i hjelpetiltak	70	46	20*	48	29	87	79	243	169
Barn med tiltaksplan	57	33	16	37	25	75	66	203	
Antal barn under omsorg	10	7	2*	15	16	14	13	58	59
Born med omsorgsplan	9	7		14	10	9	12	45	
Barn med tiltak nettv.sam m/andre tenester	14	8	6		9	15	11	35	

Vi har valt å nytte KOSTRA-rapporteringa som grunnlag for berekning av nokre nøkkeltal med unntak av Sande, der KOSTRA-rapportering manglar, og det vert nytta rapporterte tal til fylkesmannen.

Tabellen nedanfor viser anna relevant informasjon, som er henta frå KOSTRA-rapporteringa, og som vert nytta i våre berekningar ved samanlikning av kommunane.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Antal barn med hjelpetiltak	88	29		65	42	115	94
Antal barn med omsorgstiltak	12	8		17	17	17	16
Antal barn med tiltak	100	37	25	82	59	132	110
Andel barn m /barnevernstiltak ift barn 0-17 år	5	4,2	5,1	3,9	4,9	6,8	4,6
Andel barn m /barnevernstiltak plassert 0-17 år	1,1	1,8		1,7	1,9	2,4	1,8
Innført intern kontroll i barneverntenesten	1	1	1	1	1	1	1
Benyttet brukarundersøkelse siste år	0	1	1	1	1	1	1
Barn 0-17 år	1999	595	487	2083	1207	1941	2375
Folkemengd	8972	3756	2559	8430	5189	9037	10677

Berekn nøkkeltal på bakgrunn av grunnlagsdata i KOSTRA- rapportering :

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel nye meldingar pr barn 0-17 år (%)	2,7	3,9	4,3	2,1	5,8	3,5	3,5
Undersøkelser pr årsverk	6,9	8,8	6,7	5,3	10,7	5,4	8,9
Born m/tiltak pr årsverk	9,3	4,7	8,3	6,4	4,8	8,4	9,8
Born under omsorg pr årsverk	1,3	2,1	0,8	2,0	2,7	1,4	1,6
Undersøkelser pr barn 0-17 år (%)	2,6	3,9	3,3	1,9	5,3	2,9	3,0
Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år (%)*	3,5	2,7	4,1	2,3	2,4	4,5	3,3
Antal barn under omsorg pr barn 0-17 år (%)	0,50	1,18	0,41	0,72	1,33	0,72	0,55

### 6.3 Vurdering og konklusjon

Det er registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det er vidare registrert avvik

mellom rapportering til fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Når det gjeld andel nye meldingar pr. barn 0-17 år så har Ulstein lågast, deretter Herøy, og Hareid med mest meldingar. Vanylven ligg på snittet. Born med tiltak pr. årsverk er høgast i Ørsta, og med Herøy tett under. Lågast er Vanylven og Hareid, men også her var det variasjonar mellom rapporteringane for alle kommunar unnateke Vanylven. Barn under omsorg pr. årsverk er høgast på Hareid, medan Sande er lågast. Vanylven er nest høgast. Avvik mellom rapporteringane gjer også utslag her.

Berekna nøkkeltal på bakgrunn av KOSTRA-rapportering viser at Hareid har mest undersøkingar i forhold til barn 0-17 år med 5,3 % av barn i denne aldersgruppe, medan Vanylven har nest mest med 3,9%. Ulstein lågast med 1,9 %, og dei andre på ca. 3%. Barn med hjelpetiltak i denne aldersgruppa utgjer 2,7 % for Vanylven, der Volda har mest hjelpetiltak med 4,5 % og Ulstein og Hareid minst med hjelpetiltak ( 2,3/2,4 %). Våre berekningar samsvarar ikkje med Kostra då vi tek utgangspunkt i antal barn med hjelpetiltak, medan Kostra tek med også barna som har omsorgstiltak.

Når det gjeld barn under omsorg sett i forhold til antal barn i den aktuelle aldersgruppa, har Hareid flest barn under omsorg (1,33 % av born 0-17 år) med Vanylven som nummer to med 1,18 %. Ørsta og Herøy har 0,5 %, medan Sande har lågast med berre 0,41 % av born mellom 0-17 år under omsorg.


Dei fleste kommunane bør gå gjennom rapporteringane til hhv fylkesmann og KOSTRA, og vurdere kva som er årsak til avvika i rapporteringane. Siktemålet må vere å få lik rapportering.

## 7 DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta

KOSTRA- tala i høve barnevernstenesta er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 244 «Barnevernsteneste», 251 «Barnevernstiltak i familien» og 252 Barnevernstiltak utanfor heimen». Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert til SSB og tala i tabellane på neste side er henta frå kommunen sitt rekneskap.

Oversikta nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter til barnevern pr. innbyggjar i alderen 0-17år for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en svak auke i netto driftsutgifter. Sande hadde dei lågaste utgiftene knytt til tenesta medan Vanylven hadde dei høgaste. Herøy hadde også relativt låge utgifter samanlikna med fylke og landsgjennomsnitt og kommunane på Søre Sunnmøre som inngår i den interkommunale barnevernstenesta (Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda).

Tidsserie



## 7.1 Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala for 2015. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 244 barnevernstenesta, 251 barnevernstiltak i familien og 252 barnevernstiltak utanfor heimen. Ein har også samanlikna tala med utgiftene som går fram i KOSTRA. Som siste kolonnen i tabellen under viser, såg ein differansar mellom rekneskapstala og kva som har vore rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein på Hareid og i Vanylven. Det er uklart kva som skuldast den store differansen, men det kan ha samanheng med feilrapportering.

	Innbyggjarar 2015 0-17 år	244 Barneverns teneste	Pr. innbyggjar	251 Barneverntiltak i familien	Pr. innbyggjar	252 Barneverntiltak utanfor familien	Pr. innbyggjar	SUM (244+251+252)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarappor tering
Herøy	2021	4 525 762	2 239	3 430 216	1 697	5 151 367	2 549	13 107 345	6 486	6 482	4
Ulstein	2054	5 774 382	2 811	1 334 936	650	11 062 408	5 386	18 171 726	8 847	8 723	124
Ørsta	2390	5 733 745	2 399	1 798 131	752	10 544 459	4 412	18 076 335	7 563	7 744	- 181
Volda	1971	4 773 617	2 422	432 269	219	10 077 151	5 113	15 283 037	7 754	7 889	- 135
Hareid	1136	3 564 773	3 138	667 154	587	5 830 273	5 132	10 062 200	8 858	8 209	649
Sande	494	1 163 156	2 355	497 944	1 008	397 503	805	2 058 603	4 167	4 230	- 63
Vanylven	617	1 930 212	3 128	334 680	542	4 505 804	7 303	6 770 696	10 974	11 400	- 426

### 244 Barnevernsteneste

Funksjon 244 gjeld kostnader til drift av barnevernstenesta, dette gjeld bl.a. sakshandsaming som vert gjennomført av tilsette eller personell som er engasjert i barnevernstenesta, barnevernsberedskap/barnevernsvakt, utgifter til sakkyndig bistand/advokat til utredning og

saksbehandling, og utgifter til tolk. Herøy kommune brukte ca. 4,5 millionar, tilsvarande kr 2 239,- pr. innbyggjar i alderen 0-17år, og hadde dei lågaste kostnadane pr. innbyggjar. Hareid og Vanylven hadde dei høgaste utgiftene i forhold til innbyggjarar der begge kommunane hadde i overkant av kr 3100. Sande hadde også låge kostnadar på funksjonen med kr 2355 pr. innbyggjar.

### **251 Barnevernstiltak i familien**

På funksjon 251 går det fram utgifter til tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til hjelpetiltak for barn og familie • Utgifter til plasser i sentre for foreldre og barn • Tiltaksstillingar i barnevernstenesta

Herøy hadde dei høgaste kostnadane både i kroner og pr. innbyggjar i forhold til nabokommunane. Herøy hadde ca. 3,4 mill. kr knytt til funksjonen som utgjorde kr 1697 pr. innbyggjar. Ørsta, Volda Hareid og Ulstein hadde utgifter på mellom kr 219-752 pr. innbyggjar. Sande hadde utgift pr. innbyggjar på kr 1008, og i Vanylven kr 542 kr pr. innbyggjar. Det kan derfor sjå ut som at Herøy brukar mykje større ressursar knytt til tiltak i heimen, enn dei andre nabokommunane.

### **252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet**

Funksjon 252 viser utgifter til tiltak når barnet har plasseringstiltak frå barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til tiltak som fosterheim, akuttplassing, institusjon, bufellesskap. • Utgifter til hjelpetiltak satt i verk i tillegg til plassering • Tilsynsfører i fosterheim

Økonomisk rapportering viser motsett kostnadsbilde i forhold til funksjon 251. Herøy og Sande har dei lågaste utgiftene samanlikna med nabokommunane. Herøy hadde ca. 5,1 mill. knytt til funksjonen som utgjorde kr 2549 pr. innbyggjar og Sande hadde ca. 0,4 mill. kr som utgjorde kr 805 pr. innbyggjar. Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda hadde alle ca. kr 4400-5400 pr. innbyggjar. Vanylven hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar med kr 7 303. Det er ikkje undersøkt årsaka til dei store forskjellane, om dette kan vere tunge enkeltsaker eller ein generell trend.

## **7.2 Vurdering og konklusjon**

KOSTRA-rapportering av økonomiske data frå kommunane viser at Herøy kommune nyttar meir pengar på hjelpetiltak i heimen enn dei andre kommunane som det er naturleg å samanlikna seg med, og som i større grad brukar ressursar på tiltak knytt til plassering av barnet. I dei to minste kommunane viser rekneskapstal at Sande nyttar mest ressursar på tiltak i heimen, medan Vanylven har knytt meir ressursar til plassering av barnet. Samanlikninga kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (førebyggjande) får dette igjen i form av mindre omsorgsovertakingar. Omsorgsovertaking kan vere kostbart, jfr tabell nedanfor.

Tabellen nedanfor viser kommunane sine utgifter til hjelpetiltak ( funksjon 251) og omsorgsplassering (funksjon 252) pr. barn under tiltak. Antal barn er henta frå KOSTRA-rapportering jfr tabell s 26 med unntak av Sande der rapportering til fylkesmannen er lagt til grunn.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Herad	Volda	Ørsta	Interkomm. barnvern
Antal barn med hjelpetiltak	70	10	20	48	29	87	79	243
Antal barn under omsorg	10	1	2	15	16	14	13	58
Utgifter til hjelpetiltak (251) pr barn med tiltak	49003	20918	24897	27811	23005	4969	22761	19637
Utgifter omsorgsplassering(252) pr barn under omsorg	515137	643686	198752	737494	364392	719797	811112	658199

Volda hadde dei lågaste utgiftene knytt til hjelpetiltak kr 4 969 pr. barn medan Herøy hadde dei høgaste med kr 49 003 pr. barn under tiltak. Vanylven hadde kr 20.918 pr barn som er blant dei lågaste. Når det gjeld utgifter knytt til omsorgsplassering hadde Ørsta dei høgaste utgiftene med kr 811 112 pr. barn, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med kr 198 752 pr. barn. Vanylven ligg på kr. 643 686 pr barn som er over snittet.

## 8 RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

«Hei,

Eg syner til merknadane frå leiar for barnevernet.

Utover dette vil eg berre peike på at det på side fem står at det har vert ei omsorgsovertaking i kontrollperioden, medan det på side ni står at det har vert to omsorgsovertakingar i kontrollperioden.

Venleg helsing

Andreas Christian Nørve  
rådmann

> Den 31. okt. 2016 kl. 15.55 skrev Marion Vik  
<marion.vik@vanylven.kommune.no>:

>

> Kommentar til rapport:

> Side 18 4.3.1 litt uklart i avsnitt to at det er snakk om tilsynsbarna, barn som andre kommuner har omsorga.

>

> Side 25 6.2.1 FEIL! i første avsnitt. Det ser ut til å være Herøy sitt avsnitt!!!!

>

> Eller ok lesning.....

>

> Snakkes!»

## 9 VÅRE KOMMENTARAR

Vi har korrigert rapporten for faktafeil vedk. antal omsorgsovertakingar og feil i avsnitt 6.2.1.

## 10 Litteraturliste:

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova), 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedepartementet, sist endra i 2014\*
- Rutinehåndbok for barnevernstjenesten i kommunane, 2006
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015 (\*ikkje nytta pga at kommunen ikkje har endra praksis)